

Forbod mot bruk av open eld**29.01.2014**

Det er svært turt også på våre kantar. Dette er ein brann ein annan stad i kommunen i fjar (Foto HusnesNett)

Som ein konsekvens av OBS-varslet frå Meterologisk Institutt har brannsjefen i Kvinnherad innført forbod mot bruk av open eld utandørs .

Mange dagar utan nedbør kombinert med vind gjer brannfarene i gras, lyng og kratt stor, Vidare framover er det varsle fortsatt tørre forhold og mykje vind, heiter det i pressemelding frå brannsjef Grete Nesheim.

Det er svært tørt i overflatevegetasjonen og det skal veldig lite til før det byrjer å brenna,

I Kvinnherad kommune vil brannsjefen følgje dette opp framover og ber alle innbyggjarar om å følgje forbodet, som gjeld til situasjonen endrar seg.